



N. N. RINGDAL:

KVAM  
IDRETTSLAG

1919-1969

A handwritten signature in black ink.



N. N. RINGDAL:

**KVAM  
IDRETTSLAG**

**1919-1969**



Dei siste 50 åra har det vore ei fantastisk utvikling så å seie på alle område både i vårt land og elles i verda, og idretten og idrettsarbeidet har og fylgt med tida med større og større interesse, tilslutning og økonomisk stønad, og så prestasjonane da! Ein kan t. d. nemne skisporten. I 1899 hoppa Asbjørn Nilssen 32,5 m i Solbergbakken, det var verdensrekord. I 1931 sette Birger Ruud verdensrekord med eit hopp på 76,5 m i Oddnesbakken, og i vinter hoppa Bjørn Wirkola 162 m i skiflyging, ein verdensrekord som dagen etter vart slått og auka med 2 m til 164 m.

I Kvam og har idretten hatt rivande utvikling. Arbeidet med den kan vi dele inn i 3 bolkar. Den første frå 1919 til 1932, den andre frå 1932 til 1945 og den tredje frå 1945 til nå.

Først på vinteren 1919 samtala noen ungdommar i Kvam om at ein burde stifte eit idrettslag og freiste å få idretten i bygda inn i faste former. N. N. Ringdal tok på seg å kalle inn til møte, og ikkje mange dagane etter kunne ein lese på ein plakat som stod på ein telegrafstolpe ved Kvam Hotell :

#### SE HER.

De som er interessert i å danne et idrettslag i Kvam, bes møte i Kvam Ungdomshus søndag den 9de mars kl. 7 em.

Formålet med idrettslaget er å drive sommer- og vinteridrett. Om sommeren fotballsport og friidrett med øvelser i hopp, sprang og løp, og dessuten kast med spyd og diskos, samt kulestøt. Om vinteren skøyteløp, og hopp og langrenn på ski.

Sjølv om interessa var stor, møtte det berre 12 ungdommar, berre gutter, inga jente, for jentene var ikkje med i idretten den tida, for 50 år sidan, men det har blitt stor forandring i så måte, heldigvis. Grunnen til at ikkje fleire møtte, var vel at mange

tykte det var for langt å gå heilt til Ungdomshuset, som var møtelokale den gongen. Ikkje mange hadde sykkel, og ingen hadde bil den tida.

Dei som møtte var : Bjarne O. Veikle, N. N. Ringdal, Johan Søndenfor, Olaf Stormorken, Adolf Dahl, Olaf O. Klomstad, Pål Dahl-Klomstad, Oddmar Stakston, Paul Klomstad, Ivar Teige, Ola O. Forbrigd og Anton Sveen.

På møtet vart ein snart samd om å stifte eit idrettslag for bygda. Namnet skulle vere Kvam Idrettslag, og lover vart vedtatt. Det skulle ha eit styre på 5 medlemmar. Styret skulle sjølv velje formann, varaformann og kasserar. Medlemspengane vart sett til kr. 1,50 for året (sjølv betalte eg medlemspengane første gong den 4de juni 1919). Laget skulle drive allsidig idrett, både sommar- og vinteridrett, med øving og konkurranser, og dessutan skipe til festar med ymse underhaldning.

Til styre vart valt, ved skriftleg voting :

N. N. Ringdal, Bjarne O. Veikle, Olaf Stormorken, Pål Dahl-Klomstad, Oddmar Stakston.

Styret valde lærar N. N. Ringdal til formann, butikkmann Bjarne O. Veikle til kasserar og heradsskogmeistar Oddmar Stakston til varaformann.

Det første styret nå skulle gjere, var å få tak i ein idrettsplass, og det var ikkje så like til den tida, dernest skulle det få skipe til ein fest til søndag den 16. mars. Styret var heldig å få tak i plass. Petter P. Moen hadde ei hamnlykkje nord for Storåa, «Per Smed-lykkja.» Det var ei slette som vi fekk leigt. Godtgjersla for leiga var kr. 25,00 for året. Når ein rydda og planerte noe, vart det etter måten ein brukbar plass. Rett nok var han i minste laget som fotballplass, og heldt ikkje på langt nær «internasjonale mål» etter dei mål som krevst nå, men elles var det lugomt å ståke der, eit stykke frå riksvegen. All jorda der er nå dyrka, og der er bygt fleire pene bustadhús.

Det vart ein koseleg fest den 16. mars, fullt hus og god stemning, og ymse underhaldning, millom anna kåserete formannen om idrett og idrettsarbeidet. (Dette kåseriet er tatt med sist i dette jubileumsskriftet).

1919 var nok noe av eit merkeår for idretten på landsplan og. Det året vart «Norges Landsforbund for Idræt» skipa. Det kom istadenfor dei to samskipnadene som hadde hatt å gjere med idretten før : «Centralforeningen» («Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbruk», var det opprinnelige namnet) og «Norges Rigsforbund for Idræt». Den nye samskipnaden skulle har distriktsavdelingar ut over landet. «Opland distriktslag for idrett» vart skipa på Gjøvik 12. mai 1919. Der møtte 38 representantar frå dei ymse lag og foreningar i fylket. Formannen for det nyskipa Kvam Idrettslag møtte som utsending for Kvam Idrettslag og Kvam Ungdomslag. Kvam Idrettslag vart innmeldt i distriktsidrettslaget same sommaren.

Det nyskipa laget måtte ha pengar, både til å betale leige for plassen og til å kjøpe ymse ting som ein hadde bruk for t. d. fotball, stoppeklokke, spyd, diskos og kule, dessutan til premier. Men laget sigla i medvind, interessen var, som før sagt, stor. Styret skipa til ein korgfest i Ungdomshuset den 17. april. Jentene kom med korger, og gutane kjøpte og betalte godt, «det gjekk til eit godt formål.» Den dyraste korga vart betalt med kr. 38,50, og det var ein pris som ingen hadde høyrt gjete før der i huset. «Er folk i Kvam vorte reint tullot ?» sa ein norsk-amerikanar som nett var komen heim. Han tykte nok det var ein laglaust høg pris på noen få smørbrød, og det hadde han rett i. Men laget fekk da bra med pengar i kassa, og det hadde vi bruk for.

Det vart nok forseint å halde premieskirenn den vinteren, snøen reiste for fort. Men så snart det vart bert, gjekk vi igang med sommaridretten, og det var friidretten som hadde første priorititet. Vi gjorde hopparstativ, kjøpte inn stoppeklokke, spyd, diskos, kule og målband, fotball fekk vi og tak i. Og så begynte vi treninga for fullt. Hadde øving i hopp og kast minst to gonger i veka, og så fotballsparkning inn i mellom. Det er rart å minnest korleis dei som var med i idrettsøvingane og i premietevlingane og forresten, var kledd i samanlikning med idrettmennene nå. Den gongen hoppa dei på høgda og lengda og sprang 100 meteren i beksømskor eller pluggaskor, så bretta dei opp

buksene, og dei fleste kasta av seg jakkene under konkurransane. Ja, det hende nok at somme tok av seg skorne og hoppa og sprang i strømpeleistane. Det var ofte premietevling, og dei heildt vi på idrettsplassen, så nær som 100 meterløp, da måtte vi nytte Riksvegen. Tenk om ein skulle nytte Riksvegen gjennom Kvam sentrum til slike konkurransar nå om somrane ! Du verden for bilkøer det da ville bli. Men den tida var det ikkje så stor trafikken, bilar såg ein ikkje.

Det vart nok ikkje så glimrande prestasjonane til å begynne med, men øving gjer meister, og resultata vart betre og betre for kvar tid, for det var spreke ungdomar i Kvam da som nå. Men eg kan da nemne at når Gudbrandsdal Ungdomslag hadde stemne om somrane, og hadde premietevling i friidrett, så var Kvam Idrettslag representert fleire år, og kom høgt opp på premielista.

Den første premietevlinga som laget hadde i friidrett, var den 17. mai 1919. Hopping og kast var på Idrettsplassen, men 100 meterløp var frå Storåbrua og sørover etter Riksvegen. Mange friske karar var med og innsatsviljen var stor, men dei einskilde prestasjonane var ikkje serleg glimrande. Publikumframmøtet var riktig bra, og stemningen var god. Om kvelden, etter tevlinga, var det stor fest med premieutdeling i Kvam Ungdomshus. 1ste premie fekk Johan Halvorsen og 2dre Adolf Dahl, så kom da Emil Røssummoen, Pål Dahl Klomstad, Ola Nymoen o. fl. Det vart forresten tradisjon å halde stor fest med premieutdeling i Ungdomshuset etter kvar konkurranse seinare.

Men sjølv om interessen for friidrett var stor og mange var med, så lyt ein vel seie at fotballen var gjævast da som nå. Vel var det ingen utanbygds lag å kjempe mot. Men det gjekk like greidt for det. Det var ikkje noe problem å få stille to lag, og enda måtte vi ofte skifte på så alle fekk vere med. Det var stor breidde i arbeidet. I førstninga var det nok ikkje alltid så korrekt fotballsparkning, det det galldt mest om for somme spellarar, var ikkje først og fremst å få ballen i mål, men å sparke høgst og lengst, og kom ballen i mål så, ja vel, det var vel og bra, men applausen og jubelen frå publikummane var størst når

sparka var kraftigast. Ein gong greidde «Grønne» å sparke ballen frå idrettsplassen, over jarnvegslina og langt ned på Brendeløykkja. Han vart dagens mann ! Litt irritert kunne nok gutane bli av og til når det vart fleire om ballen. Formannen i idrettslaget var både instruktør og dommar, og laut nok nytte fløyta både ofte og hardt i førstninga, men det gjekk ikkje lenge før alle visste både korleis dei skulle sparke og korleis samspelet skulle vere.

Når snøen kom, vart det slutt med fotballen, og det vart det med friidretten og. Ute kunne vi ikkje vere med øvingane, og gymnastikksal eller anna rom til å drive øvingar i, hadde vi ikkje. Nei, fotballen og friidretten fekk kvile til om våren. Men med snøen kom skiføret, og da kom skiene fram. Det var da serleg småkarane som nytta dei først på vinteren, men når det lei over jul, kom dei eldre gutane og med. Det vart bygt hopp både her og der i bakkane. Største hoppet var det i Klomstadjordet. Bakken var ikkje serleg bratt der heller, men ein kunne nok hoppe 18 meter og stå, kom ein over det kritiske punkt, vart det oftast fall. Her heldt idrettslaget første hopprennet sitt. Ut på våren 1920 skipa dei til kombinert hopp- og langrenn for eldste klassen og berre hopp for dei yngste klassene (under 15 år). Langrennsløypa gjekk ut frå Sletten, ned på Lågen og sørover til Neset, over jarnvegslina og Riksvegen og på skrå over Steinejordet og Teigejordet, nord etter gardvegen til Røssum, og så ned til Sletten att. Det var fint føre, og karane gjekk godt. I Slettagarden stod fullt av folk og venta på at løparane skulle kome inn att. Serleg var det spanande å sjå kappestriden mellom 16-åringen Oddmar E. Tangen og eit par eldre karar. Løypa gjekk slik at ein kunne følgje dei med augo heilt frå Teigejordet til Røssum. I dirrande spaning såg ein korleis 16-åringen heldt undan for dei andre nordetter gardvegen, og det såg lenge ut til at han skulle vinne, men så rakk ikkje kreftene lenger. Ved Røssum gjekk ein forbi han. Oddmar kom inn på ein god andre-plass, enda så låke ski han hadde, små var dei og nesten utslitne. «Dei er berre spikjer», var det ein som sa. Da han stakk fram forbi Gamlebua til Sletten og gjekk i mål, vart han møtt med

stormande jubel, og ein mann tok av seg lua og gjekk ikring og samla inn pengar til ski åt han, og det kom inn så mykje at han fekk kjøpt seg nye.

Dei beste vart :

1. Ivar Røssum.
2. Oddmar E. Tangen.
3. Oskar Jordistuen.
4. Nils Øien.

Dagen etter var det søndag og hopprenn i Klomstadjordet. Det var solskinn og godt føre. Hoppet var påbygt og nokså høgt. Inntil framsida var breidt eit norsk flagg. Det var mykje folk, og god stemning i bakken. Mange var med i konkurransen, især i yngste klassene, men prestasjonane var ikkje så flotte, mange fall og stutte hopplengder. Lengste ståande hopp hadde Ivar Røssum med 14 m.

I klasse 1 fekk desse premie : 1 Arve Thune, 2 Olav Røssummoen, 3 Ola S. Røssum, 4 Ola Chr. Sletten.

I kl. 2 : 1 Ivar Storbakk, 2 Ola A. Røssum, 3 John Olsen.

I kl. 3 (kombinert) : 1 Ivar E. Røssum, 2 Oddmar Tangen, 3 Oskar Jordistuen, 4 Nils Øien. Størst applaus fekk nok åtteåringen Ola Chr. Sletten som modig og uredd hoppa utfør same hoppet som «dei store gutta.» Rettnok var hopplengda berre 8,5 m med fall. Men likevel — han var mykje yngre enn dei andre — så det var ein flott prestasjon.

(Ingen av dei fire som fekk premie i kombinert klassen lever nå lenger).

Interessen for skisporten auka mykje etter kvart, og resultata i premieskirennet 1921 var mykje betre enn i 1920, både stilens i svevet og nedslaget var riktigare, og det vart ikkje så mange fall.

Desse fekk premie : I kl. 1 : 1 Ola A. Røssum, 2 Otto Myrrusten, 3 Hermann Lund, 4 Halvdan Klevstadberget, 5 Arve Thune, 6 Alv Storbakk, 6 John Olsen, 8 Johan T. Stormorken.

Kl. 2 : 1 Ivar Storbakk, 2 Hans Tangen, 3 Hans Forbrigd,  
4 Olav Sætre.

Kl. 3 : 1 Ivar Røssum, 2 Nils Øien, 3 Oddmar E. Tangen.

I premieskirennet 1922 kunne ein sjå munaleg framgong frå åra før. Både stilten og hopplengdene var mykje betre. Serleg merka desse hopparane seg ut : Sverre Sætre, Olav Kjørum og Ivar E. Røssum.

I første omgang hoppa Ivar Røssum 15,5 m. Så kom Sverre Sætre, han var varsam og fekk 14,5. Deretter Olav Kjørum med eit bra hopp på 17,5 m. I andre omgang var spaninga stor. Alle visste at desse 3 karane kunne gjere det betre, dersom dei fekk klaff. Først hoppa Ivar Røssum. Han tøygde seg til 17,5 m, men så stupte han i overgangen, så Sverre Sætre. Han satsa alt, og det vart eit hopp på 18,5 m. Olav Kjørum hoppa 17,5 m slik som i første hoppet. Hoppet til Sætre var ny bakkerekord, og den kom til å bli ståande, for det var siste året det vart hoppa i Klomstadjordet. Seinare vart det bygt hopp i Brendebakken og deretter på Røssumrøysa, og hoppa der. Der kunne ein hoppe lengre og bakken var og betre, så det vart penare stil og ikkje så mange fall.

Desse fekk premie : Kl. 1 : 1 Ola A. Røssum, 2 John Olsen, 3 Olav Røssummoen.

I kl. 2 : 1 Hans Tangen, 2 Torbjørn Kjørum, 3 Olav Sætre, Sætre, 4 Hans Forbrigd.

I kl. 3 : 1 Sverre Sætre, 2 Olav Kjørum, 3 Ivar E. Røssum, 4 Ottar Røssummoen, 5 Oddmar E. Tangen.

I kl. 4 : 1 Nils Øien, 2 Ola Nymoen, 3 P. Lunde Moen.

Jentelaget i Kvam hadde v/ Karen Sletten (Øien) sett opp ein ekstrapremie for beste hopp. Alle kunne tevle om den. Ivar Røssum hadde eit pent hopp, men for kort. Så kom Sætre. Nå skulle det bere eller breste, men det brast. Han hoppa godt over 20 m,

men falt. Det kritiske punkt i bakken var som før sagt på 18 m, hoppa ein lenger, var det vanskeleg å halde seg på beina. Så var det Kjørum sin tur. Eit nydeleg hopp på 17,5 m, og ekstrapremien vart hans. Som nemnt før, var dette siste premieskirennet i Klomstadjordet, og at det vart bygt hopp på Røssumrøysa. Skibakken der var betre, hopplengdene større og stilten penare. Men det kunne nok ha sine problemer der og. I eit renn vart det sterkt vind. Ein kar starta før signalet var gitt. Da han var i svevet, kom ei stri vindbåre og slengde han bort i ein bjørketopp. Han ramla ned med skiene på beina. Til all lukke var både han og skiene i orden da han kara seg oppatt. Men lått og applaus fekk han.

Vi miste idrettsplassen vår i 1922, og ny plass var ikkje råd å få tak i. Det vart eit hardt slag for idrettsarbeidet. Fotballsparkning vart vanskeleg å drive utan fast plass, og det vart meir slutt med den. Friidretten dreiv vi nok på med ei tid lell. Men det var ikkje så like til å halde den i faste former heller når ein ikkje hadde ein lugom stad å vere.

Eg hadde teke over lærarposten i Brekka og flytte dit. Det vart da vanskeleg for meg å vere formann, og eg sa frå meg vervet. I 1924 sendte vi medlemskontingent til fylkeslaget frå 20 aktive medlemer. Oddmar Stakston tok over som formann i 1925. Men han var heradsskogmeister og hadde så mykje arbeid med det, at han ikkje fekk tid til å ofre seg så mykje for idretten. Interessa minka. Siste premieskirennet laget arrangerte, var i 1926. Det var langrenn og berre ei klasse.

1. premie gjekk til : Kr. Ødegård, 2. til Ivar Storbakk, 3. til Anton Sveen, 4. til Ola Forbrigd, 5. til Halvdan Klevstadberget, 6. til John Tangen.

I 1925 vart Kvam musikkforening stifta, og tre av styret i idrettslaget vart aktiv med i den, ein t. d. som formann og ein som kasserar. For desse vart det nå mindre tid til idretten. Dette gjorde kanskje og noe til at interessen for laget minka. Da idrettslaget begynte att i 1932, var musikkforeninga alltid viljug

å hjelpa til med underhaldning. Både når det var konkurranse og på festane som laget heldt, var foreningen i ilden og underheldt. Den vekte liv og feststemning både ute og inne, og hjelpte til å samle mykje folk. Men det vart ofte kaldt både for lippene og fingrane til musikkarane anten dei stod på isen og bles eller i skibakken og gradestokken synte 10—15 kuldegrader. Hjartans takk skal Kvam musikkforening ha.

Det heiter i ein song : «Tornerosesov i hundre år, hundre år, hundre år.» Så lengesov nok ikkje Kvam Idrettslag. Det var sjølvsagt at ei bygd som Kvam, med så mykje sprek ungdom, ikkje kunne vere utan idrettsarbeid og idrettslag. Tornerosesømnen varde berre til 1932. Da gjorde heradsskogmeister Hans Hyssing-Olsen opptaket til å få igang att laget. Det vart kalla inn til møte, og til styre vart desse med : Hans Hyssing-Olsen, Pål Kolstad, Ola Sletten, Anton Sveen og Ola Nymoen. Hyssing-Olsen vart formann dei to første åra. Det var serleg skeisesporten som var i vinden dei første 4—5 åra. Dette var før reguleringa av vatnet i Lågen vart sett i gang og vassføringa var nokså stabil, så det gjekk an å ha skeisebane på elveisen. Banen var oftast utfør Vesleå-gapet, og den vart flittig nytta både av store og små løparar. Det kunne nok vere eit problem somme tider å halde banen i orden. Ofte kom det snø, og vinden var lei. Men med dugnad og friviljukt arbeid gjekk det bra. Serleg la Anton Sveen ned mykje arbeid der, og Halvdan Klevstadberget hadde noe av ein jobb å finne bjørkeris og lage solvar til å sope rein banen med.

Det vart oppsett ein vandrepokal som ein skulle tevle om. Pokalen var for 1500 meter og måtte vinnast tre gonger. Det var mange som var med i tevlingane, ikkje berre frå Kvam, det kom og konkurrentar frå Otta og Vinstra. Mange møtte og fram for å sjå på, og det var stor stas med hornmusikk på isen og kaffisal i Gamlelien. Ola Chr. Sletten fekk første nappet i pokalen i 1932, i 1933 fekk Kristian Røssummoen det andre, men så kom Sletten sterkare att og vann både i 1934 og 1935, og dei som nå har hug til å sjå pokalen, får tale vel med han Ola,

for pokalen er på Sletten. Løparane gjekk sjølvsagt andre distansar og, og det vart delt ut ein masse premiar. Eldste mann som gjekk, var Erland Lien. Enda han var mange og seksti år, svinga han seg på skeisene som ein ungdom, og han hausta stormande applaus.

Etter Hyssing-Olsen vart Pål Kolstad formann eit år, så Anton Sveen i to år. I 1937 vart Svein Rudland formann, så Gudbrand Haugen i 1938, og i 1939 Olav I. Hagen. Interessen for skeisesporten dabba av litt etter litt, mest fordi det var så vanligeleg å halde banen oppe, og frå 1936 vart det skiidretten som fekk første plassen. Det vart tevla både i hopp, langrenn, slalåm og utforkjøring. Eit år gjekk utforløypa frå Bergeløkken og ned på Røssumvolden. I den tida hadde Anna og Anton Sveen kafé, og idrettslaget heldt møta sine der.

20. desember 1928 vart Nord-Fron skuleidrettsråd oppnemnt av Nord-Fron lærarlag. Det skulle ta seg av skuleidretten i herådet. Desse lærarane vart med : N. N. Ringdal, Pål Kleiven og Johs. Kolås, den første som formann. Dette rådet vart attvælt år etter år og stod i heilt til 1950. Idrettsrådet overtok nå, og prøvde å få sving på skuleidretten. I Kvam hadde det nært samarbeid med idrettslaget. Kvart år vart det halde idrettsstevne ved Kvam skule for alle seks skulekrinsane med premie- og skjoldkonkurranse. Det var reine 17de mai stemning dei dagane. I 1940 kom krigen, og alt organisert idrettsarbeid, både for store og små, vart innstilt til freden kom. Det siste styret for idrettlaget før krigen var Olav I. Hagen, Ole Hjelmstad og Ruth Fredriksen.

Premielista for skuleskirennet 1939, det siste før krigen, ser slik ut :

#### HOPP :

Kl. I, under 10 år : 1. Hans Holten, 2. Per Sandbu, 3. Osvald Bakken, 4. Ola P. Lien.

Kl. II, 10—12 år : 1. Egil Killi, 2. Hans Bergum, 3. Simen Røssummoen, 4. Helge Moen, 5. Magnus Grøthe, 6. Alfred Tangen, 7. Tor Johan Haugen, 8. Olav Klomstadlien.

Kl. III, over 12 år : 1. Sigurd Tangen, 2. Trygve Kolloen, 3. Torbjørn Moen, 4. Ivar Fredriksen, 5. Anton Haugen, 6. Olav Teigøien, 7. Rolf Kolstad, 8. Jens Storbakk, 9. Olav Skog, 10. Kåre Haugen, 11. Johan Tårud, 12. Pål Svan, 13. Fredrik Bjørke, 14. Odd Eide, 15. Ivar Holten, 16. Johan Eide, 17. Oddvar Haugen, 18. Polmar Bosåen, 19. Einar Stormorken, 20. Jørgen Letrud.

#### SLALÅM :

Kl. I, under 10 år : 1. Ola P. Lien, 2. Osvald Bakken, 3. Johan Stormorken, 4. Hans Petter Kleiven, 5. Tor Killi, 6. Hans J. Haugen, 7. Iver P. Klomstad, 8. Trygve Kleiven.

Kl. II, 10—12 år : 1. Helge Moen, 2. Tor Johan Haugen, 3. Egil Killi, 4. Hans Bergum, 5. Magnus Grøthe, 6. Simen Røssummoen, 7. Ivar Nyheim.

Kl. III, over 12 år : 1. Sigurd Tangen, 2. Asmund Berget, 3. Ivar Hagen, 4. Trygve Kolloen, 5. Olav Skog, 6. Olav Hollen, 7. Tor Stormorken, 8. Ola Røssum, 9. Torbjørn Moen, 10. Anfinn Nymoen, 11. Jens Storbakk, 12. Oddvar Haugen, 13. Einar Stormorken, 14. Fredrik Bjørke, 15. Einar Teigen, 16. Rolf Kolstad, 17. Svein Kolstad.

#### UTFORRENN FOR JENTER :

Kl. I, under 10 år : 1. Kjellaug Sandbu, 2. Bergljot Lien, 3. Målfrid Tangen, 4. Karen Bergum, 5. Martha Grøthe.

Kl. II, 10—12 år : Oddrun Stormorken, 2. Åse Kolstad, 3. Jenny Bosåen, 4. Ruth Holen, 5. Målfrid Stormorken, 6. Astrid Stormorken, 7. Nora Ringdal, 8. Anne Lien, 9. Marit Hansen, 10. Olga Holen.

Kl. III, over 12 år : 1. Målfrid Hølmen, 2. Astrid Nordlien, 3. Martha Ringdal, 4. Oddbjørg Lien, 5. Jenny Svan, 6. Martha Kamp, 7. Signe Dahl, 8. Anne Holen, 9. Elise Grøthe, 10. Solveig Kolloen.

Skulane i Kvam sokn tevla og om Norges Lærarlags æresskjold i hopp og slalåm. Æresskjoldet i hopp gjekk til Brekka skule,

med Kvam skule på andre plassen, og i slalåm til Leine skule, Kvam vart nr. 2 her og.

I mai 1945 sluttta krigen, freden kom, og arbeidet med idretten vart tatt oppatt. I 1936 vart det skipa eit arbeidaridrettslag som arbeidde side om side med Kvam Idrettslag. Etter freden gjekk dette laget i 1945 inn i Kvam Idrettslag. Det var bra, for ein fekk snart merke at samarbeid og samhald gjev styrke. Til formann vart valt Anton A. Storbakk, Halvdan Klevstadberget vart kasserar og Trygve Kolloen sekretær. Det vart ikkje mykje laget kom til å gjere første året. Men ein kan nemne at det i samarbeid med skuleidrettsrådet arrangerte «Fredsmarsjen 1945» med Folkelandskamp Norge — Sverige. Det var Norges Gangforbund som fekk i gong denne over heile landet. Menn over 18 år skulle gå 10 km, gutter (14—18 år) og kvinner 5 km og barn (10—12 år) 2,5 km. Maksimaltid var fastsett. 111 barn og 130 voksne gjekk marsjen og fekk merket.

I 1946 vart laget innmeldt i Kretsserien. Det vart nå fotballen som fekk første plassen i idrettsarbeidet i mange år framover. Telegrafistane Jensen og Borgvang på Kvam stasjon var ivrige fotballspelarar, og det var mykje dei å takke for at arbeidet kom så godt i gang. Frå 1946 deltok laget i Kretsserien med B-lag, og i 1947 kom og guttelaget med. Laget fekk mange og solide spelarar som arbeidde det godt opp. Interessa har vore stor og reslutata har vore sers gode, så Kvamværane har halde seg mellom dei beste i dalen. Men ein ting var det som vanta. Alle åra idretten hadde vore dreven i Kvam, hadde dei som var interessert i den, ønska og drøymt om å få ein idrettsplass i bygda. Ein lugom stad der ein kunne samle all sommaridretten. Det såg ikkje lyst ut. I 1947 fekk idrettslaget kjøpt ein del av Brendehamnelykkja, og byrja å arbeide og planere der, men der var uryddig, og mykje og langvarig arbeid måtte til før det vart ein brukbar idrettsplass, i minste laget ville den og bli, og dessutan var Storåa ein farleg granne. Men så kjøpte Nord-Fron kommune Brendelykkja av Hans Røssummoen i 1948, og her fekk laget tomt til idrettsplass. Gleda vart stor millom gutane, og med liv og lyst

og godt humør gjekk dei i gang med å rydde og planere og setje plassen i brukbar stand. Det var mykje som måtte gjerast. Men med dugnad og friviljukt arbeid, i tillegg til den økonomiske stødnad som ein fekk av kommunen og av tippemidlar, gjekk arbeifort fram, og i 1950 kunne plassen innviast og takast i bruk, og Kvam Idrettslag kunne bede inn laga i nabobygdene til kamp på sjølveigen bane. I arbeidet med å få tak i tomt og å setje plassen i stand, må ein spesielt nemne Halvdan Klevstadberget for det arbeid han utførte. Han syntet ei sjeldan interesse og eit pågangsmot som ein må leite lenge for å finne maken til. Det vart sagt at han, den tida arbeidet stod på, praktisk talt «budde» på idrettsplassen. Det var stor stas og mykje folk var tilstades den dagen plassen vart opna med turnering der Ringebu, Sør-Fron, Vinstra og Kvam var med. Det var grusbane til å begynne med, men tida krevde grasbane. Vel, så gjekk ein i gong med å kjøre på matjord og å så i grasfrø. Medan dette stod på, fekk laget trenere på plassen ved Kvam skule. Grasbanen vart tatt i bruk 1962, og Kvam Idrettslag har nå ein heilt tidhøvleg fotballplass. Seinare er plassen blitt ein del utvida, og det er mellom anna lagt fin løpebane for friidrett ikring. Men det er ikkje berre sommaridretten som har nytt godt av det initiativ og store pågangsmot idrettsungdommen har synt. I 1966 sette idrettslaget i samarbeid med Kvam Vel i gong med å lage ei lysløype for skiløparane. Løypa, som var den første i sitt slag i Fron, og ei av dei første i Gudbrandsdalen, er ca. 1900 meter lang. Den er retteleg morosam å gå, og vert mykje nytta både av vanlege turløparar og i konkurranserenn, og ein kan nok seie at den har hjelpt mykje til å auke interessen for skisporten i bygda. Ho vart ferdig og opna med eit stort lysløyperenn i januar 1967, 51 var med. Beste mann var Reidar Bekkemellem, Heidal, med tida 28,50 på 5 rundar. Løypa går like ved Kvam Bygdahus, og ein kan nytte både garderoben og dusjane der, og det er ein stor fordel. Løypa vart kostande ca. 37.000,00 kroner. Av det fekk ein kr. 12.000,00 i tilskott av kommunen, kr. 11.000,00 av staten, resten ordna Kvam Vel og Kvam Idrettslag ved dugnader, gratisarbeid og ymse private innsamlingar.

I 1953 gjekk alle foreningar og lag i Kvam saman om å reise eit forsamlingshus for bygda. Rett nok var her 2 forsamlingshus før, men dei var for små båe to, og fyllte ikkje dei krav som den nye tida sette. Konstituerande møte for A/L Kvam Bygdahus, som huset skulle heite, vart halde på Kvam skule 5. februar 1953, og arbeidet vart sett i gong. Kvam Idrettslag var og med i dette arbeidet, og vart luteigar. Det var veldig stor interesse i bygda for å få reist huset. Alle la godviljen til og hjelpte til med dugnadsarbeid, pengeinnskott og med tilstellingar av ymse slag. M. a. «Gullgangen» som A/L Kvam Bygdahus, Kvam Idrettslag og Kvam Sanitetsforening og Kvam Sanitetslag gjekk saman om å arrangere i november 1957, med Tollev Beitrusten som formann. Idealtid vart oppsett av lensmann Kjørum. Distansen som ein skulle gå, var frå Sletten til Frostad og attende til Sletten. Ca. 1000 var med og gjekk. 1. premie var ein personbil, 2. premie eit kjøleskap og 3. premie ein vaskemaskin. I netto til A/L Kvam Bygdahus kom det inn ca. 16.000 kroner. Huset vart ferdig i 1961 og innvigd med ein stor fest den 25. mars. Det vart eit romsleg og tidhøvleg hus som og fekk mykje å seie for idrettsarbeidet. Kvam Idrettslag får leige det på rimelege vilkår, og kan drive ymse idrettsøvingar der både vinter og sommar. Og kvar ein skal halde til med møter og festar nå, er ikkje lenger noe problem.

#### Medlemstalet 1919—1969.

Talet på medlemmar har stort sett auka frå år til år. På skipingsmøtet 1919 møtte 12 mann. I 1924 vart det sendt årspengar frå 20 medlemmar til fylkeslaget. I tredveåra var det ca. 30 innskrevne medlemmar. Desse tala syner likevel ikkje heilt korleis interessen var. Vi må hugse på at det var berre dei heilt aktive gutane som skreiv seg inn i laget og betalte medlemspengar, og ikkje på langt nær alle dei heller, sjølv om årspengane dei første åra var berre kr. 1,50. Barn vart ikkje innskrevne som medlemmar, og jentene var ikkje med i aktiv idrett den tida.

I 1957 hadde laget 150 medlemmar, i 1964 hadde dei 152, så gjorde det eit hopp oppover til 200 i 1965 og i 1966 til 254,

og nå i jubileumsåret har Kvam Idrettslag 350 innskrevne medlemmar.

Serleg dei siste 10 åra har aktiviteten vore stor her i laget. Det har eigne grupper for dei ymse idrettsgreiner : Fotball, Ski, Friidrett og Handball. Vi kan sjå litt på arbeidet og framgangen for dei ymse idrettsgreiner.

*Fotballen* kan vi ta for oss først. Den har vel heile tida etter frigjeringa vore den gjævaste, og som har samla den største interessa både hos publikum og elles. Vi har høyrt før at på innkallinga til stiftingsmøtet 1919 stod det at ein og skulle drive fotballsport, og laget kom og til å sparke fotball dei første åra så lenge ein hadde brukbar plass, men da laget ikkje lenger fekk disponere det område det hadde leigt, vart det slutt med fotballen. Og det gjekk faktisk ca. 25 år før fotballen på nytt lag rulla i Kvam. Men da vart interessa og tilslutninga så stor, at folk sa at kvamværene hadde fått «fotballfeber». Når ein skal sjå attende på dei åra som er gått, er det naturleg å dra fram dei sigrane som har betydd mest for laget. Ein vil da spesielt nemne 3 lag. Alt i 1949 fekk Kvam første kretsmeisterskapet sitt, det var i guteklassa. Dei som stod for denne bragden var : Torleiv Brenstuen, Ola Fredriksen, Hans Kjørum, Odd Brustuen, Ola Bjørgen, Magnar Killi, Johs. Teigen, Sverre Bjørke, Oddmar Tangen, Nils Røssummoen og Arne Klevstadberget.

Kvam stilte seniorlag i klasse B. Det store målet åt dette laget var å spela seg opp i A-klassen. Og sjølv om spelestil og teknikk den gongen ikkje stod i samsvar med det som er i dag, hadde gutane både pågangsmot og innsatsvilje til å vinne. Og jamen gav det resultat. I 1950 vart det kretsmeisterskap i klasse B, og dermed opprykk til A-serien. Sidan den gongen har klubben halde seg i topserien i Gudbrandsdalen. Dei som var med i dette laget var : Ola Haugen, Simen Røssummoen, Hans Berge Tangen, Magnus Tangen, Kjell Johnsen, Trygve Kolloen, Tor Killi, Ludvik Wilhelmsen, Jens Storbakk og Oskar Nymoen.

Nå kom det ei tid med sterk framgong. Unggutane kom inn på førstelaget. Ein la først og fremst merke til den gode teknikk

og det samspele dei hadde, og Kvam vart med eitt med i toppfotballen i Gudbrandsdalen. I 3 år spela laget i nordre avdeling, og her vart det ei rekke «brakesigrar», siffer som 23—1, 15—0, 12—0 var ikkje uvanleg kost. Resultata gav gjenklang langt utanom grensene av dalen. Dagbladet t. d. sende både reportar og fotograf til Kvam, og laga stor reportasje med biletet til og med på første side.

Alle tre åra vann Kvam suverent nordre avdeling. Men i finalen mot Fåvang vart det dverre tap alle gonger. Gutane var for lite rutinerte, men alle var sikre på at det store gjennombrotet nok ville kome. Dei sa det same som Peter den Store i Russland i si tid : «Svenskane får slå oss, til vi lære å slå dei.» Eller med andre ord : «Fåvangingene får slå oss, til vi lære å slå dei.» Og forventningane vart innfridde. I åra 1958—1959, 1960—1961 og 1962 dominerte Kvam totalt fotballen i Gudbrandsdalen med sine 5 meisterskap i 4. divisjon.

På meisterskapsdiploma vil ein finne 12 namn som går att heile tida frå denne perioden, og det er desse : Ola Brendstuen, Bjarne Ødegården, Nils Røssummoen, Oddmund Bjørverud, Magnus Tangen, Magnar Killi, Odd Brustuen, Tor Sætre, Ola Bjørgen, Trygve Kolloen, Arne Steine og Reidar Berget.

Antall kretsmeisterskap :

Smågutar	3
Gutar	5
Junior	4
5. divisjon	2
4. divisjon	5

---

I alt              19 kretsmeisterskap

Laget har vunne Gudbrandsdalscupen i 1953, 1962 og 1967, og dessutan fleire pinseturneringar. Vandrepokalen for Gudbrandsdalsmeisterskapet vart vunnen til odel og eige med 3 strake sigrar i 1959, 1960 og 1961. Klubben har kvart år vore med i NM, men har ikkje kome lengre enn til 1. ord. runde, i 1959

med 1—0 tap mot Biri. Kval. runde vart vunne med 4—0 over Folldal. Laget har spela fleire kval. kampar for opprykking til 3. div. Og i 1961 var ein på god veg til at det skulle lykkast. Men etter 6—0 siger over Dovre og 6—1 mot Nybergsund, tapte laget den avgjerande kampen mot Fremad.

I 1958 var Vinstra Idrettslag 50 år, og i det høve skipa laget til ein jubileumsturnering. Denne vart vunnen av Kvam.

For å få størst mogleg bredde, stiller Kvam kvart år lag i alle seriane innan kretsen. Sjølv om A-laget i dei siste åra ikkje har gått heilt til topps, har det ført tradisjonen til laget vidare og støtt vore med i tetkampane, og ei god juniorgruppe dannar grunnlaget for fortsatt framgang. Juniorlaget vart såleis kretsmeistar både i 1967 og 1968. Siste Gudbrandsdalscup som vart arrangert vart i 1967. Finalen på Otta mellom Kvam og Faukstad vart totalt dominert av Kvam som vann 6—0. Kvamslaget i denne kampen var : Odd Brendstuen, Bjarne Sanden, Odd Hauge, Nils Røssummoen, Arnulf Berge, Arne Brendstuen, Svein Brendstuen, Håkon Sveen, Kolbjørn Berge, Arve Tangen og Harald Sandbu.

Ved interkretskampar har laget vore godt representert, på somme kretslag har det vore tatt ut både 7 og 8 spelalar frå Kvam. Nils Røssummoen på Kvamslaget er den fotballspelar som har spela flest interkretskampar i Gudbrandsdalen. Grunnen til at Kvam har det fine fotball-miljøet, og den store breidde, finn ein sikkert i at laget er ope for impulsar utanfrå. Såsnart det er moglegheit for det, spelar det kampar mot gode lag frå andre distrikt, vidare satsar dei på trenarengasjement så ofte økonomien gjer det mogeleg.

Desse forbundstrenarane har betydd mykje for fotballen her : 1951 A. Andresen, 1955, 1959 og 1961 Poul Madsen, Danmark og i 1968 Gunnar Dybwad, Steinkjer.

Frå 1965 har Eystein Lie leda treningen. Han gjennomgjekk i 1967 Fotballforbundets trenarkurs i Trondheim og er autorisert forbundstrenar. I år har han tatt på seg ei kjempeoppgave innan laget. Han skal vere trenar for alle 5 lag.

Etter så lang periode på desidert topp, er det naturleg at det måtte koma ein viss reaksjon, så at fotball-laget dei siste åra ikkje har makta å nå så langt opp, som i si glanstid. Ein må og merke seg at det har hatt eit genrasjonsskifte. Det måtte fornyast med yngre krefter. I jubileumsåret t. d. er det berre ein spelar att av «den gamle garde», nemleg Nils Røssummoen. Han var med på KM-laget så tidleg som i 1949. Det ser ut til at laget nå er over desse vanskane. Dei kampane som er blitt spela i jubileumsåret, tyder i alle høve på at det på nytt er på veg mot toppen.

*Skiidretten* med trening og premietevling har nok vore dreven meir eller mindre både før Kvam Idrettslag vart stifta i 1919 og etter at det kom i arbeid. Men serleg dei siste 8—10 åra har det blitt meir fart og interesse og med større breidde i arbeidet.

I årsmeldinga for 1960 heiter det m. a. at dei sportslege resultata hadde vore meget gode. (Laget hadde spela 44 fotballkampar det året). Det var det beste i laget si historie. Derimot var interessa for lagsarbeidet ikkje så god. Det hadde vore därleg frammøte på medlemsmøta. Det vart nå vedtatt at skigruppa for laget skulle sløyfast, og at styret sjølv skulle ta over arbeidet, og arrangere eit skirenn, og like eins arbeide med planar om å få til ein ordentleg skibakke.

Det synte seg snart at styret åleine ikkje kunne makte alt det arbeid som det nå vart meir og meir av, etter kvart som bredden i idretten vart større. På årsmøtet 1963 vart det så gjort vedtak om å velge eigne grupper både i ski- fotball og friidrett. Desse gruppene skulle ha eige styre og eigen kasse, men stå under lagsstyret. Skigruppa kom i gang 1964 med Arve Byrløkken som formann, og vart da innmeldt i Gudbrandsdal Skikrets, og alt same året begynte gutane å gjøre seg gjeldande på premielistene. Såleis vann Ola Tungen kretsrennet på Sør-Fron med Geir Beistruten på andre plassen. I 1965 gjekk det og bra. Da fekk Skigruppa første meisterskapet sitt i stafett (14-års klassa) ved Per Magnar Klomstad, Jon Røssum og Geir Beistruten. Den sistnemnde vart og uttatt til Hovudlandsrennet. Han vart og krets-

meistar i langrenn 1966. Elles var det stor oppslutning og mange fine prestasjonar i laget. I 1967 tok det tredje nappet i Krogenæs-pokalen for guitar, og fekk han til odel og eige. I 1968 tok Kvam Idrettslag, etter tre sigrar i pokalkampen med Rondane Skiklubb, pokalen som Sel Sparebank og Nord-Fron Sparebank hadde sett opp. Denne vinteren tok forresten idrettslaget premie i alle renn der det var representert, og det var mange. Ivar Morken i seniorklassen merka seg serskilt ut. Han hadde ein glimrande sesong, og var heile vinteren mellom dei beste Bløparane i Gudbrandsdal. Han var så god både i ski- og friidrett at han fekk første nappet i Aktivitetspokalen som laget fekk av Idrettskretsen hausten 1967. I eit referat i «Gudbrandsdølen» frå Idrettstinget hausten 1967 står m. a.: «Et høydepunkt ble forøvrig tildelingen av kretsens aktivitetspremie som Kvam Idrettslag var funnet verdig til å få. Det er et lag som i løpet av de tre siste år har vært i stadig vekst. Laget bygger på de yngste og har i dag aktive grupper i fotball, håndball, friidrett og ski. Lagsarbeidet er gitt en bred plass i opplegget.

Laget som i dag har 280 medlemmer har anlagt friidrettsbane og lysløype. Kvam Idrettslag er et lag som under sin inspirerende leder Arve Byrløkken, setter seg store mål. Må dets innsats stimulere andre lag til tilsvarende innsats», uttalte formannen i Idrettskretsen.

Vi må også her nemne det årlege rennet «Furusjøen Rundt». Det går ut frå Rondablikk, opp Glitterdalen, over Ranglarhø, rundt Furusjøen og innkomst ved Rondablikk. Løypa er ca. 25 km lang. Det var Kvam Idrettslag som starta dette i 1967. Dette rennet er blitt sers populært og talet på deltagarar har auka frå år til år. Første året var det ca. 50 med. Lars Teigen, Lillehammer vart vinnar. I 1968 vart Halfdan Kluften, Sjårdalen, best, da var det 80 med, og nå i 1969 var det ca. 120 som fullførte løpet, og Erling Steineide, Heidal, vart beste mann. Første pokalen samanlagt for 3 år gjekk til Einar Rusten, Follebu, og i Turklassen til Arve Byrløkken, Kvam.

I meldinga som lagsstyret la fram på årsmøtet 17/12 1968 for det året, heiter det m. a.: «Av stedlige arrangementer siste

året vil en bl. a. nevne : «Furusjøen Rundt» ble for første gang arrangert som åpent nasjonalt renn. Det deltok skiløpere fra mange steder i landet, og likeså en del helt fra Sverige. Arrangementet ble en stor suksess. Sommerens arrangement av skogsløpet «Furusjøen Rundt» ble også i år, i likhet med tidligere et like vellykket arrangement. At disse arrangement hvert år går så knirkefritt skyldes at ski- og friidrettsgruppene har dyktig ledelse. Det er da ikke for mye å rette en spesiell takk til de to gruppeformennene Olaf Teigøien og Arve Byrløkken. Men uten en dyktig stab av medhjelpere ville det ha vært uhyre vanskelig å få gjennomført konkurransene tilfredsstillende, spesielt da når en tenker på langrennet. Det største arbeidet er med skiløpene, særlig siste år var det et problem med de stadig skiftende værforhold. Løypekomiteen under Helge Olsens ledelse hadde en hard jobb med mange dagers slit, disse fortjener blomster. En skal heller ikke glemme at dette arrangementet foregår på fjellet, og uten vertskapet på Rondablikks positive innstilling, hadde det vært umulig å gjennomført dette. Hver gang stiller de hele hotellet til disposisjon for idrettslaget gratis.»

*Friidretten.* Det var friidretten ein satsa mest på da Kvam Idrettslag vart stifta, og resultata i dei ymse greiner var, for den tid å vere, ganske bra. Ein kan t. d. nemne at i tevlingar vart det hoppa opp til 1,70 m på høgda, og det var mange spreke gutar som var med. Men så ei tid etter, minka interessen for friidretten, og det vart lite rom til den i idrettsarbeidet. Den fekk så og seie husmannskår i mange år, til det i 1963, som før nemnt, vart valt serskilt friidrettsgruppe. I januar 1964 vart den innmeldt i Gudbrandsdal Friidrettskrets, og ein fekk snart sjå at det ikkje vanta på interesse. Første året var mange med i stemner, og gjorde det sers godt. I kretsmeisterskapet fekk medlemmer av laget 11 medaljer, av desse 4 gull. Serleg i terrengløp var dei langt framme. Men også i dei andre greinene av friidretten. Året etter vart friidrettssesongen enda betre. Det året tok laget ikkje mindre enn 13 medaljer. Dei var med frå senior ned til

12 år, og laget var seriemeister i friidrett for barne- og ungdomsserien. Serleg jentene merka seg godt ut, fire hadde beste resultat i klassene sine i heile Gudbrandsdalen det året i ein eller fleire øvingar. Også i 1966 vart Kvam Idrettslag seriemeister i friidrett, og sigra det året over Lillehammer i finalen. Laget tok 25 medaljer i Kretsmeisterskapet, og av desse var 10 gull. I Rondanestafetten vart det nr. 2, og vart da beste laget i Gudbrandsdalen. På Jorekstad vart laget nr. 3 i eliteklassen. Elles var laget med i mange stemner. Ein kan og nemne at i eit stemne det året greidde Eystein Lie 100-meteren på 11,2 sek. For første gong var Kvam Idrettslag med i Holmenkollstafetten. Det vart nr. 43 av 86 lag. Laget var nå kome retteleg godt i gong, og neste år satsa det stort heilt frå våren. Nå skulle det bli Holmenkollstafett og svære greier, men akk nei, så kom influensaen og sette ein stoppar for den draumen. Det gjekk likevel bra i Gudbrandsdalen seinare i sesongen, 21 medaljer i meisterskapet, av dei 9 gull. 1968 vart eit framgangsrikt år og god senior-sesong med 17 individuelle meisterskapsmedaljer i Kretsmeisterskapet for senior. Serleg må ein her og nemne Ivar Morken som åleine tok 7 medaljer, av desse 4 gull. Seniorlaget tok sølvmedalje på 4 × 1500 m stafett. Det var første gongen det hadde greidd det. Av andre prestasjonar kan ein nemne : 3dje plass på Jorekstad, 2dre plass på Sør-Fron og 2dre plass i Tretten-stafetten . Arve Byrløkken satte dette året kretsrekord på 800 m kl. D med tida 2,05,3.

«*Furusjøen Rundt, tur og fjell-løp*» skipa Kvam Idrettslag til første gongen sommaren 1966. 15 stykker fullførde. I 1967 hadde talet auka til 94 og i 1968 var og ca. 90 med. Pokalen «*Furusjøen Rundt*» til den beste samanlagt etter 3 år, vart delt ut til Åge Kjelløkken.

*Hedersbevisninger.* I paragraf 13 i lovane står det :

«*Kvam Idrettslags bragdpokal er lagets høyeste utmerkelse. Den kan sammen med diplom utdeles til medlemmer som på en meget fortjenstfull måte har arbeidet for laget over et lengere tidsrom eller til medlemmer for særlig gode idrettsresultater.*

*Lagets kontrollkomite foretar innstilling når komiteens medlemmer mener at en utdeling av bragdpokalen er berettiget. Dersom styret gir innstillingen sitt bifal, foretas utdelingen på lagets årsmøte.»*

Etter innstilling fra kontrollkomiteen vart det på årsmøtet 1968 vedtatt å dele ut bragdpokalen for 1968 til Ola Brendstuen, for 1967 til Nils Røssummoen og for 1968 til Arve Byrløkken.

I 1964 vart det beslutta å kjøpe inn, eller få laga, eit skåp til alle pokalane som laget hadde tatt, og som det kom til å få. Skåpet står nå i garderoben på Kvam Bygdahus, og på veggen der heng ei mengd innramma diplomar. Det er ei flott samling som på ein handfast måte syner mange av dei bragdene Kvam Idrettslag har utført.

*Handball* er den nest siste idrettsgreina laget har tatt opp. Tanken å få i gong ei handball- gruppe for jenter, var oppe både i 1964 og 1965. Alle var samde i at ein burde gjere ein freistnad, men det var ymse ting som gjorde at det ikkje var så godt å starte. Største problemet var vel å få tak i leidarar. Men hausten 1965 sa Anne Grethe Stormorken seg viljig til å ta på seg jobben som trenar og leidar. Interessa var stor, og dei prøvde seg og med eit par privatkampar mot Vinstra-jentene. Tap vart det, men likevel ein hederleg innsats.

I 1966 vart det stifta eiga handball-gruppe med eige styre og eiga kasse. Formann vart da Karin Kjørum. Gruppa var med i seriekampane for første gong, men enda både viljen, interessa og pågangsmotet var på topp, vart ikkje resultatet så bra. Laget var nytt, og hadde ikkje ennå fått den rette teknikk og trening. I 1967 kom laget sterkare att, og etter ein fin haustsesong, endte det på 3dje plassen i serien. Dette gav meirsmak, og dei satsa på at dei neste år skulle kunne kjempe om meistraskapet i sin klasse. I 1968 stilte gruppa 2 lag i serien : Eit Småpikelag (12—14 år) og eit Pikelag (14—16 år). Pikelaget kom også det året på 3dje plass. I 1969 stiller gruppa med 4 lag i serien :

1. Piker under 12 år, 2. Småpikelag (12—14 år), 3. Pikelag (14—16 år) og 4. Jenter (16—18 år). Interessa er stor, spele-materiellet godt, og med den breidde gruppa nå har, og det ener-giske styret med formann Eivind Bones og kasserar Haldis Nes-set i brodden, kan ein ha grunn til å vente eit positivt godt re-sultat dette året. Dei kampane som til nå er spela, peikar i alle høve i den leid.

Den aller siste tilveksten til Kvam Idrettslag er *Husmorgymna-stikken*. Den begynte så smått i 1968 som friundervisning med fru Bones som leidar. I vinter har den vorte driven i idrettslagets regi med fru Fiskvik som den interesserte og dugande instruktør og leidar, og med god hjelp av fru Aulie. Interessa har vore stor, og frammette godt. Ca. 30 damer har vore med i øvingane som har vore ein gong i veka.

Ein kan nemne at det alltid har vore godt samarbeid mellom Kvam Idrettslag og Kvam folkeskule. Lærarane er aktiv med i idrettsarbeidet, og så å seie alle skuleborna er t. d. nå i jubileums-året medlemmer i laget. I tevlingar kan dei syne fram fine re-sultat. I Skilandskampen 1968 vart Kvam skule nr. 20 og i 1969 kom den på første plass i si klasse av alle folkeskulane i Noreg. Kvar elev hadde jamt over i løpet av vinteren gått 748,71 km. Ein flott prestasjon.

*Desse har vore formenn i Kvam Idrettslag  
1919 til 1969 :*

1919—1925	N. N. Ringdal.
1926—1927	Oddmar Stakston.
1932—1933	Hans Hyssing-Olsen.
1934	Pål Kolstad.
1935—1936	Anton Sveen.
1937	Svein Rudland.
1938	Gudbrand Haugen.
1939	Olaf J. Hagen.

1945	Anton A. Storbakk.
1946	Pål Kolloen.
1947	Ivar Nordlien.
1948	Halvdan Klevstadberget.
1949—1950	Jens Storbakk.
1951—1952	Trygve Kolloen.
1953—1955	Halvdan Klevstadberget.
1956	Anton L. Tangen.
1957—1959	Halvdan Klevstadberget.
1960—1962	Magnar Killi.
1963—1968	Svein Rudland.
1969—	Oddvar Iversen.

*Kasserarar i laget har vore desse  
i eit eller fleire år :*

Bjarne O. Veikle, Pål Kolstad, Ola Chr. Sletten, Svein Rudland, Gudbrand Haugen, Ruth Fredriksen, Halvdan Klevstadberget, Ole Sveen, Jon Kamp, Sigurd Tangen, Olaf Hagen, Tollev Beitrusten, Ivar Fredriksen, Tor Killi, Odd Brustuen, O. Bjørverud, Bjarne Ødegården, Alfred Teigen, Arne Steine, John Stenersen, Anne Kari Røssummoen.

Det er nemnt mange interesserte og energiske medlemmar som har vore aktive og gjort ein god jobb for Kvam Idrettslag. Men mange, mange fleire har hjelpt til kvar på sin plass og på sin måte. Det vil føre for vidt å nemne namna åt alle desse i dette vesle skriftet, men vi vil seie alle ein hjarteleg takk for innsatsen, og kanskje kjem dei med i neste jubileumsskrift. Det er nok så at laget har hatt jamn og god framgang om ikkje nett frå dag til dag så frå år til år, og det er ikkje minst formennene i laget og i dei ymse gruppene å takke for. Vår honnør til dei alle. Dei siste 6 åra har Svein Rudland vore general for laget. Vervet har han skjøtta på ein framifrå grei og ypperleg måte, med innsikt og pågangsmot og ei aldri sviktande interesse. Vi seier han vår beste takk.

Nye lover for Kvam Idrettslag i 15 paragraffar vart vedtatt på årsmøtet den 16. november 1964. I paragraf 1, Formålsparagraffen, heiter det :

«*Lagets formål er ved samarbeid og kameratskap å fremme idrett og friluftsliv i sunne former.*»

Laget har da og gjennom åra hatt mange hyggelege møter og festlege tilstellingar med foredrag av dugande menn, og elles god underhaldning. Ein kan t. d. nemne Kulturkilden som laget skipa til i mars 1964. Leikarringen til Bondeungdomslaget i Oslo kom oppover og var med og synte fram folkeviseleik. Det var kåseri av sokneprest Skaare og opplesing av Ivar Aasen-dikt. Musikk av Fron Spelemannslag og av felespelemennene Brimi og Bjørgen. På festen var og bunadsoppvising. Ein i alle delar vel-lukka fest. Slike festar vil bygdefolket gjerne ha fleire av.

Ein må nok seie at 50-åringen rundar jubileet i fin form, med stor aktivitet og breidde i arbeidet, og vi skal ta med referat av vala på siste årsmøte :

*Hovudstyre* : Formann Oddvar Iversen, varaform. Tor Killi, kasserar Anne Kari Røssummoen, sekretær Jens Arne Sætre, styremedl. Svein Brendstuen. *Fotballgruppa* : form. Ola Brendstuen, kasserar Alfred Teigen, styremedl. Arnulf Berge. *Juniorgруппа* : form. Ole Fredriksen, oppmann for smågutar Jon Røssum, oppmann for gutar Ole Petter Gundersen og Jan Tore Tangen, oppmann for juniorer Geir Beitrusten. Oppmann senior A Eystein Lie, hjelpeoppmann senior A Nils Røssummoen, oppmann senior B Knut Brendstuen, *Skigruppa* : form. Pål Kolloen, kasserar Per M. Klomstad, styremedl. Asbjørn Jacobsen, Edvind Krokbø, Olaf Teigøyen, Ola Klevstad. *Friidrettsgruppa* : form. Arve Byrløkken, kasserar Per Aulie, styremedl. Oddrun Rudland. *Handballgruppa* : form. Eivind Bones, kasserar Haldis Nesset, styremedl. Eva Beitrusten, Kari Bones, Gerd Røssum, Wenche Øibrekken. *Kontrollkomite* : form. Svein Rudland, medl. Odd Bru-stuen, Magnar Killi. *Tilsynsutval for bussen* : Oddmar Wilhelm-sen, Henry Meldal, Oddvar Iversen. *UK senior* : Ola Brendstuen, Arne Hølmen, Ole Klevstad. *Representantar til Kvam*

*Bygdahus :* Halvdan Klevstadberget, Ivar Brendstuen, Arne Brendstuen. *Revisorer :* Magnar Killi, Odd Brustuen, varam. Svein Rudland.

I laget er det nå ikkje mindre enn 4 autoriserte trenarar : Ein i fotball, ein i friidrett, ein i langrenn og ein i grunntrening, og det seier ikkje så lite. Men det viktigaste og verdifullaste aktivum er vel likevel det gode kameratskap og den sportslege ånd ein finn innan laget. Dette er noe godt og verdifullt å byggje vidare på, og ein må tru at dette fortsatt vil gje positive utslag i trivsel og framgang.

Når vi tenkjer attende desse 50 åra til da laget vart stifta, og hugsar korleis det da var, må ein seie at det har vore ei fantastisk utvikling på mange måtar, og som idretten og har nytt godt av. Idrettsarbeidet siglar nå i medvind. Aldri før har det vore slik velviljig publisitet i blad og tidsskrift som nå, når det gjeld idretten, med lange referat og massevis av flotte bilete frå innland og utland. Det lokale arbeid vert og vist stor interesse. Aldri har det vore så rauste tilskott og økonomisk stønad til idrettsarbeidet som nå. Og så massemediane ! Radio og Fjernsyn da. Arbeidet frå den kanten kan ein ikkje vurdere høgt nok. Alle er samde i, og arbeider for, at den ungdom som nå veks opp, må få slike vilkår at mottoet til dei gamle hellenarane : «Ei sunn sjel i ein sunn kropp», vert røyndom. Det er også vårt ønskje. Så vil vi gratulere laget med det som er gjort, og ønskje det lukke til med arbeidet i dei neste 50 år. Og vi vil seie som «fotballpublikummane» i Kvam, når kvamslaget i ein hard kamp bryt seg gjennom forsvaret til motstandaren, og med fotballen og Nils Røssummoen i brodden, stormar fram mot målmannen til motspelarane : Heia Kvam ! Heia Kvam !

*Tale halde på festen til Kvam Idrettslag  
i Kvam Ungdomshus den 16. mars 1919.*

(Vi må hugse at dette foredraget vart halde berre 14—15 år etter at Noreg vart skilt frå Sverige, og berre 5 år etter at Trygve Gran som første mann flaug over Nordsjøen).

Godt folk. Eg har vore med og hoppa og sprunge og kasta desse dagane så eg er sår og stiv både her og der. Nå er eg blitt beden om å seie noen ord på festen her i kveld, men eg er redd ånden er like skrøpeleg som kroppen.

I alle blad, frå dei minste lokalblad til dei største Osloavisene, står det spalte opp og spalte ned med meldingar om sport og idrett. Tull, seier noen. Tøys med all denne idretten. Å nei, det er nok ikkje tøys og tull. Ingen må tru at alle blad i landet, dei som vil gjelde for noe, fyller side etter side med tull. Nei, dertil er bladfolka for kloke og vare og gløgge til å kjenne folk på pulsen og følgje med i det som rører seg i tida. All denne sporten og idretten i landet vårt er eit godt teikn. Vi må hugse at idretten har stått høgt hos folk når dei har hatt si blømings-tid, og at når dei har blitt likesæle for sport og idrett, har det vore eit sikkert merke på innleiing til eit folks forfall.

Oldtidens mest opplyste folk. Det folk som stod lengst framme både i kunst og vitskap, som i si glanstid var det rikaste og mektigaste og kanskje og det lukkelegaste, var det greske folk. Dei var læremesterar for heile verda. Ja er det den dag i dag. Også vi som lever nå i vår opplyste tid, vi les og studerar det

La det gå sport i sparingen som i idretten,  
og du trygger din økonomi og din framtid

*Nord-Fron Sparebank*

som grekarane, «frembragte» for mange hundre, ja tusen år sidan, for å hauste kunnskap og lærdom. Altså, grekarane er læremestarane våre på det etiske og det intellektuelle område, men ikkje mindre skulle dei vere det når vi tenkjer på lekamens, kropspens utvikling. Likeså visst som dei var det folk som i si glanstid stod lengst framme i sjeleleg utvikling og åndeleg daning, så var dei og det folk som stod lengst framme i lekamsøving, i kunsten i å pleie lekamen sin. Og det er sikkert at det var den siste kunsten som gjorde at grekarane stod så langt framme i den førstnemnde. For så lenge idretten hadde føresæte i folkeoppsedinga, så lenge var det greske folket berarane av folkeopplysning og framskrift. Og vi ser at så snart den fall i kurs, begynte det å gå attende, så grekarane er blitt det dei nå er : Eit fattig og uopplyst folk på den sørlege del av Balkanhalvøya.

Vi skal sjå litt på den oppdragelse grekarane fekk, og vi skal ta eit einskild folk, Spartanarane. Når ein gut vart fødd, skulle dei eldste (dei fornemste i byen), sjå etter om han var sunn og sterkt, var han det, skulle han få leve, viss ikkje skulle han drepast. Dugde han til idrettsmann (soldat), fekk han vere heime til han var 7 år. Så vart han sendt til den mann som førde tilsynet med alle gutane i Sparta. Dei vart delt i klasser, ein voksen gut hadde tilsynet med kvar klasse. Dei lærde allslag idrett. Men først og fremst å herde seg. Sommar og vinter gjekk dei med bart hovud og bare bein, ikkje strømper eller sko fekk dei lov å bruke frå sitt 12te år. Sommar og vinter hadde dei ein einaste kleddning. Dei låg utan teppe, på gras, strå eller halm.

Gratulerer med 50 års jubileet

**VINSTRA MOTE OG MANUFAKTUR A/S**

Ein gong om året vart dei piska så blodet rann. Da galdt det å sjå likeglad ut. Å skrike eller ynke seg var skam. Den som heldt seg best, hadde vunne, vart sigerherre. Når gutane var blitt 18 år, heldt dei slag. Dei slost med hender og føter, sleit og klora einannan med tenner og negler, sparka og spente.

Fjerde kvart år vart det halde store idrettstevlingar — Dei Olympiske leikar. — Her fekk alle grekarar lov å vere med. Tusen og etter tusener frå heile landet møtte fram for å sjå på. Alle dei som ville kunne møte fram og sjå. Dei hadde da kasting av diskos, ei tunn skive som vog 4 kg. Der var kapplaup, og dei kunne springe, grekarane. Det vert fortalt om ein som hadde sprunge 14 km i lengdelaupet og vunne, da sprang han heim med det same for å fortelje det, og kom heim same kvelden, og da hadde han sprunge 90 km i rett line tvert over berga. Dei hadde bryting, da kledde dei seg heilt nakne, smurde seg inn med olje, og så galdt det om å få motstandaren til å berøre marka med akslene. Dei hadde også mange, mange andre slag idrettar og tevlingar. Å vinne i ein slik konkurrans var den største heder ein grekar kunne oppnå for seg og fødebyen sin. Han som vann, fekk ein krans, alltid av same tre, dei skjøne kransars tre, eit vilt oljetre. Når han kom heim, heldt han sitt inntog med fire kvite hestar for kjerra, kledd i purpur, og det var stor glede i byen. For desse Olympiske leikane var da også ein kappestrid mellom byane i Hellas. Sokrates, oldtidens beste og klokaste menneske, møtte ein dag ein ung mann på gata. «Du forsømmer da reint gymnastikken min ven,» sa han. «Gymnastikk har eg

Vi gratulerer med 50 års jubileet

**KVAM MEK. VERKSTED**

aldri brydd meg noko om,» sa den unge mannen. «Tosk, aldri brydd deg om gymnastikken seier du, du burde skamme deg,» sa Sokrates og gjekk beint frå han. Og såleis var det. Dei som ikkje brydde seg om idretten, vart haldne for toskar, idiotar.

Her i Noreg har vi noe som minner om dei Olympiske leikane. Det er hopprennet i Holmenkollen, den store idrettsfesten kvart år i mars når dei beste skilauparane set ut over hoppet og titusener av menneske står nedunder på den frosne skogtjønna og klappar til dei som kjem siglande i lufta og hoppar sine 30—40 meter. Og dei har vore til nytte, desse skilaupa. Norske skilauparar har gått over Grønlands innlandsis, og da Fridtjof Nansen tykte at han ikkje kom langt nok med skuta si, så tok han og spente skiene på seg, tok kjetten sin og kajakken og gjekk saman med ein mann like laus på Nordpolen. Og da han så kom heim og gatene i Oslo var svarte av menneske, husa hadde krasar på, og hestane steilte for hurrapa, da såg ein eit glimt av korleis det var i Grekenland når sigerherren vende heim frå dei Olympiske leikar.

I gamle dagar stod idretten langt framme her i Noreg og. Guttane til hovdingane og odelsbøndene skulle øvast i lekamsøvingar. Det er moro å legge merke til at folkehelten ikkje var den bleike, veike mannen kor dugande han ellers kunne vere. Nei, helten var den sunne, friske, sterke og dermed og den livsglade idrettmannen. Slik var det før og så er det den dag i dag. Vi tykkjer det er godt gjort når ein mann tener så og så mykje t. d. på ein handel eller når ein landsmann har halde ein tale som har

Vi gratulerer Kvam Idrettslag  
med 50 års jubileet



*75 År Kvam Idrettslag*

vekt oppmerksomheit, kanskje til og med i utlandet, vi tykkjer det er bra, men gløymer det snart. Annarleis er det med idrettsdåder. Hjartet hoppar i oss av glede og byrgskap når vi hører om bedrifter som å gå over innlandsisen på Grønland, ferda mot Nordpolen og over Sydpolen og flyginga over Nordsjøen, som første gong vart gjort av ein nordmann. Dette er slikt som aldri vert gløymt.

Gutane fekk høve til å øve og prøve seg. Dei hadde sine Leikarvollar. Folkehelten på Færøyane, som i gammal tid høyrde til Noreg, var Sigmund Bresteson. Noregs folkehelt var Olav Tryggvasson. Og den tida da alle friborne norske menn sette si ære i å vere flinke idrettsmenn var Noregs blømingstid. Men så miste dei interessen for idretten og da kom atterslaget. Noreg kom under Danmark og Sverige. Det miste sitt sjølvstende, sin fridom. Nå har vi atter fått vårt sjølvstende. Og idretten vil kunne bli den store lyftestang til å gjere nordmennene til eit sunt og utviklingsdugande folk.

Det som mykje gjorde at folk i gamle dagar dreiv så mykje med lekamsøvingar var at dei skulle bli dugande krigarar, soldatar. Men det tenkjer ikkje vi så mykje på. Idrettens mål er å auke både lekamens, sjelas og Åndens sunnheit. «Å skape ei sunn sjel i ein sunn kropp.»

Idretten skaper god helse. Vi herdest, øver oss i å tolle frost og varme. Vi blir sterke, smidige og lettvinde. Vi får større arbeidskraft og utholdenheit. Alle har vi meir eller mindre einsidig arbeid som gjev nok trening til somme musklar, men let

*Gratulerer med 50 årsjubileet*

**A/s SMESTAD & SÆTRE**

andre ubrukte. Musklar som ikkje vert nytta, blir alltid veikare. Den harmoniske utviklinga som gjer at ein vert sunn og sterk i alle musklar, krev utfyllande øvingar ved gymnastikk. Di meir arbeidsdelinga vert gjennomførd, di meir idrett treng vi. Den opphevar for ein del misforholdet og motarbeider nervositet, overanstrengelse o. s. b. Dei pukla ryggar, samantrykte brystkasser, rundboga armer, den därlege holdning og den tunge, slarkande gang, alt som ein følgje av einsidigt arbeid, viser best kor naudsynt idretten er. Mannakroppen er den vakraste og mest fullkomne av alle Guds skapningar, men vi skal vere Guds medarbeidarar når det gjeld å utvikle kroppen. Den er åndens berar og reidskap. Lat den ikkje ved at vi vanskjøttar han, bli ei hindring for ånden si verksemd. Gjev han evne til å bli eit viljukt verkty for viljen vår. Lat oss derfor auke og ikkje øyde den lekamskraft fedrane har tilført slekta. Elles går slekta attende. Forsømmer faren utviklinga av kroppen, er det mange som meiner at det er eit tap for barna.

Også for sjela og ånda har idretten stor betydning. Livsmotet, arbeidslysta og energien aukar. Ungdomsfriskheit, velvære og godt humør følgjer med. Ungdomen har trong til å kome sammen. Det får han hove til når han driv idrett. Livsgleda sprudlar fram når ein kjenner kreftene sine, når ein ferdast millom glade kameratar ute i Guds frie natur, der det eine skjønheitsinntrykket etter det andre trengjer seg på ein.

Idretten virkar utviklende på karakteren. Den vekkjer manndomssinnet, mot og fast vilje overfor livets oppgåver, fjerner




Vi gratulerer med  
50 års jubileet

**Samvirkelaget Kvam**

feigheit og mismot. Den lærer oss beherskelse og å setje alt inn på å nå eit mål å vinne over vanskane. Gjev oss åndsnærvarsel, sjølvtillit og handlekraft. Lærer oss å kommandere oss sjølve og å velje det rette i den rette augneblinken. Gjer oss hjelsame og hensynsfulle, naturlege og greie. Ved rett omgang med naturen, blir ein sjølv naturleg. Den fører oss bort frå lediggang og dei freustingar og tankar som følgjer med den, og gjev oss rein glede.

Ungdommen skal kunne liknast med dogg utav fanget på morgonrøden, står det i den 110de Davids salme. Men er friskheita borte, vert ein gammal før tida, og ein kan ikkje gripast av det som er stort og skjønt.

Alle, unge som gamle, kvinner som menn, burde vere fortrolig med fleire eller ferre idrettsgreiner, gymnastikk o. s. b. Ikkje alle kan drive allslags idrett, tid, pengar o. l. kan hindre det, ikkje passar alle idrettsgreiner for alle. Ikkje alle stader på lands-



*Er dette veien til —*  
**FRON BRANNKASSE**

Vi gratulerer med jubileet

bygda kan ein byggje store gymnastikksalar. Men det er ingen grunn til å forsømme idretten. Som vi har hørt før, hadde fedrane våre sine leikarvollar. Vi kan skaffe oss høvlege idretts-plassar. Friluftsidrettsøvingar og idrettsleiker må hos oss bli det breie grunnlaget for lekamsøvingar.

Nå må idretten drivast fornuftig, det vil seie : for sunnheitens skuld. Det må vere regelmessig, men jamn framgong. Ikkje over-driving. Vi lYT motarbeide freistungane til å ta skippertak og drive forserte øvingar. Vi lYT klare det mindre vanskelege før vi tek fatt på det vanskelege, så vi ikkje overanstrenger oss. Vi kan godt vere dristige — men det må ikkje bli til dumristugheit. «Planmessig under hensyntagen til legemets harmoniske utvikling», skal idretten drivast.

Dersom den blir vanleg dreven og riktig dreven, vil folket vårt ha betre høve til å klare seg i kampen for tilværet økonominisk, kulturelt og nasjonalt. Dette er styresmaktene nå merksame på. Og nett nå skal det skipast ein landsorganisasjon for idrett i staden for dei to samskipnadene vi har før i landet : «Norges Landsidrettslag» med underavdelingar i kvart fylke.

Også hit til Kvam har denne vaknande interessa for idrett breidd seg. For ei vike sidan vart det kalla saman til eit møte her i Ungdomshuset. 12 ungdommar møtte, og vi vart samde om å skipe eit idrettslag i Kvam. Det vart valt formann og styre som vart pålagde å prøve å få tak i ein høvleg idrettsplass. Det har vi nå fått. Plassen ligg på «Per Smed-lykkja» nord for Storåa.

